



Påske i båthamna. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No har også Husnes starta mobiliseringa i kampen om å bli Årets Gjestehavn 2008. Men førebels ligg båthamna der på fjordeplassen, etter Uskedalen, som har rykka opp på tredjeplassen.

Uskedalen var med også i førre veka, på sjetteplassen, men då var Husnes enno ikkje å finna på rankingen. For få år sidan gjekk Husnes heilt til topps i denne tevlinga.

Foran dei to hamnane i Kvinnherad ligg Helgøysund Marina og Bjoa Båthavn, begge i Rogaland. Det er ingen fleire hamnar i Hordaland enn Uskedalen og Husnes på rankingen over dei ti beste.

Kampen tetnar nok til når vi kjem inn i den mest intense båtsesongen.

Dei som vil vera med og gje ein stemme til favorittthamna si, gjer det ved å tasta www.baatmagasinet.no.



Natt i båthamna. (Foto: Knut A. Myklebust)